



Møteinnkalling

Utval:	Eidfjord kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Kommunehuset, Kommunestyresalen
Dato:	02.03.2023
Tid:	09:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er til Kjartan Haugsnes, tlf. 901 89 542 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Kommunedirektør/Rådmann

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 1/23	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 2/23	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 01.12.2022	2022/153	
	Politiske saker		
PS 1/23	Orientering frå rådmann, avhending av kommunal eigedom	2022/155	
PS 2/23	Orientering frå rådmann, kommunal økonomisk bærekraft	2022/165	
PS 3/23	Oppfølging forvaltningsrevisjon kommunen si rolle i næringsutvikling.	2022/168	
PS 4/23	Forvaltningsrevisjon, psykososialt arbeidsmiljø og sjukefråver- milepælsorientering	2022/305	
PS 5/23	Vestlandsrevisjon IKS presenterer interimrevisjonsrapport 2022	2022/165	
PS 6/23	Årsmelding for kontrollutvalet 2022	2022/161	
PS 7/23	Møteplan for kontrollutvalet 2023	2022/156	
	Referat saker		
RS 1/23	Nytt fra fra FKT februar 2023	2022/155	
	Politiske saker		
PS 8/23	Eventuelt	2022/155	

GK 1/23 Godkjenning av innkalling og sakliste



Saksframlegg

Saksnr: 2022/153-16

Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Eidfjord kommune, Kontrollutvalet	2/23	02.03.2023

Godkjenning av møteprotokoll frå møte 01.12.2022

Forslag til vedtak

Protokoll frå møte 01.12.2022 vert godkjent.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Møteprotokoll 011222



Møteprotokoll

Utval:	Eidfjord kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Kommunehuset, Kommunestyresalen
Dato:	01.12.2022
Tid:	09:00 - 12:15

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jostein Hovland	Leder	AP
Kjell Ove Tveit	Nestleder	UAVH
Haldis Myrvang Rieber	Medlem	UAVH

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Anita Fredheim Limstrand	MEDL	UAVH
Kari Lægreid	MEDL	SP

Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Arnulf Indrebø		AP

Merknad:

Det var ikkje mogleg å få inn varamedlem for Kari Lægreid

Andre som møte:

Kjartan Haugsnes, seniorrådgjevar Vestland fylkeskommune
Janne Eraker, oppdragsansvarleg revisor Vestlandsrevisjon IKS
Ragnhild Høyland, forvaltningsrevisor Vestlandsrevisjon IKS
Knut Ingar Myklatun, økonomisjef til PS 25/22

Jostein Hovland
utvalsleiar

Kjartan Haugsnes
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 9/22	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 10/22	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 20.10.2022	033	
	Politiske saker		
PS 25/22	Orientering frå rådmann, konsesjonskraft	219	
PS 26/22	Uavhengighetserklæring frå Vestlandsrevisjon IKS	219	
PS 27/22	Informasjon frå revisor	020	
PS 28/22	Handsaming av henvendingar til kontrollutvalet i Eidfjord kommune	219	
PS 29/22	Oppfølging forvaltningsrevisjon, kommunen si rolle i næringsutvikling.	217	
PS 30/22	Forvaltningsrevisjon, psykososialt arbeidsmiljø og sjukefråver-milepælsorientering	217	
PS 31/22	Kommunaløkonomisk bærekraft (KØB) i Eidfjord kommune	216	
PS 32/22	Møteplan 2023 – fastsetting av første møte	033	
	Referat saker		
RS 9/22	Protokoll representantskapsmøte IHM IKS	219	
RS 10/22	Årsmelding frå mobbeombodet i Vestland fylkeskommune 2022	219	
RS 11/22	Nytt fra FKT	219	
	Politiske saker		
PS 33/22	Eventuelt	219	

GK 9/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 01.12.2022 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GK 10/22 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 20.10.2022

Forslag til vedtak

Protokoll frå møte 20.10.2022 vert godkjent.

Saksprotokoll 01.12.2022 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 20.10.2022

Vedtak:

Protokoll frå møte 20.10.2022 vart godkjent.

PS 25/22 Orientering frå rådmann, konsesjonskraft

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll 01.12.2022 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Økonomisjef Knut Ingar Myklatun orienterte og var mellom anna innom slike punkt:

- Konesjonskraft ca. 33 Gwh
- Halvparten vert seld på fast pris og halvparten vert seld på spot.
- Trekk i rammetilskotet neste år på ca. 2,2 mrd. kroner for kommunane. Oversikt over kva dette betyr for Eidfjord kommune vil kome i desember.

Vedtak:

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 26/22 Uavhengigheitserklæring frå Vestlandsrevisjon IKS

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå oppdragsansvarleg revisor Janne Eraker og forvaltningsrevisor Ragnhild Kartveit Høyland, vedrørande om Vestlandsrevisjon IKS er uavhengig i høve Eidfjord kommune, til etterretning.

Saksprotokoll 01.12.2022 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Oppdragsansvarleg revisor Janne Eraker orienterte kort.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak:

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå oppdragsansvarleg revisor Janne Eraker og forvaltningsrevisor Ragnhild Kartveit Høyland, vedrørande om Vestlandsrevisjon IKS er uavhengig i høve Eidfjord kommune, til etterretning.

PS 27/22 Informasjon frå revisor

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll 01.12.2022 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Oppdragsansvarleg revisor Janne Eraker orienterte.

Presentasjon vert sendt ut saman med protokoll.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 28/22 Handsaming av henvendingar til kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Forslag til vedtak

- 1.Kontrollutvalet tek rettleiaren om behandling av henvendingar frå FKT til etterretning
- 2.Kontrollutvalet vedtek vedlagde retningslinjer for handtering av henvendingar til kontrollutvalet i Eidfjord kommune med dei endringar som kom fram i møtet

Saksprotokoll 01.12.2022 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet orienterte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

- 1.Kontrollutvalet tek rettleiaren om behandling av henvendingar frå FKT til etterretning
- 2.Kontrollutvalet vedtek vedlagde retningslinjer for handtering av henvendingar til kontrollutvalet i Eidfjord kommune med dei endringar som kom fram i møtet

PS 29/22 Oppfølging forvaltningsrevisjon, kommunen si rolle i næringsutvikling.

Forslag til vedtak

1. Informasjonen vart teken til orientering.
2. Handlingsplan vert å handsame i første møte i 2023

Saksprotokoll 01.12.2022 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet orienterte.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Informasjonen vart teken til orientering.
2. Handlingsplan vert å handsame i første møte i 2023

PS 30/22 Forvaltningsrevisjon, psykososialt arbeidsmiljø og sjukefråver-milepælsorientering

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll 01.12.2022 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vestlandsrevisjon ved Ragnhild Høyland orienterte utvalet om korleis revisor ser for seg prosess fram mot handsaming av endeleg rapport i juni 2023.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Informasjonen vert teken til orientering

PS 31/22 Kommunaløkonomisk bærekraft (KØB) i Eidfjord kommune**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber rådmannen kome i første møte i 2023 for å gjere greie for status for kommunal økonomisk bærekraft i Eidfjord kommune.
2. Utgreiinga kan m.a. innehalde informasjon om status på:
 - 1.Finansielle måltal
 - 2.Aktuelle regelverk
 - 3.Vedlikehaldsetterslepet i kroner på f.eks.:
 - a)Kommunale bygg?
 - b)Kommunale veg, inkludert tunnel og bruer?
 - c)Kommunale kaianlegg?
 - d)Anna kommunal infrastruktur som vatn og avløp
 - 4.Er det utarbeidd planar for korleis eventuelt vedlikehaldsetterslep skal takast inn att?
3. Kontrollutvalet ber om at notat som grunnlag for utgreiinga vert sendt sekretariatet innan 25.01.2023.

Saksprotokoll 01.12.2022 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet**Behandling i møte**

Sekretariatet orienterte.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke med ei endring på dato i punkt 4.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber rådmannen kome i første møte i 2023 for å gjere greie for status for kommunal økonomisk bærekraft i Eidfjord kommune.
2. Utgreiinga kan m.a. innehalde informasjon om status på:
 - 1.Finansielle måltal
 - 2.Aktuelle regelverk
 - 3.Vedlikehaldsetterslepet i kroner på f.eks.:
 - a)Kommunale bygg?
 - b)Kommunale veg, inkludert tunnel og bruer?
 - c)Kommunale kaianlegg?
 - d)Anna kommunal infrastruktur som vatn og avløp
 3. .Er det utarbeidd planar for korleis eventuelt vedlikehaldsetterslep skal takast inn att?
4. Kontrollutvalet ber om at notat som grunnlag for utgreiinga vert sendt sekretariatet innan 20.02.2023.

PS 32/22 Møteplan 2023 – fastsetting av første møte

Forslag til vedtak

- 1.Første møte i kontrollutvalet vert..... 2023
- 2.Endeleg møteplan for kontrollutvalet i 2023 vert handsama i første møte.

Saksprotokoll 01.12.2022 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Etter sams drøfting i utvalet vart slik dato samrøystes sett for første møte.

2. mars 2023

Vedtak:

- 1.Første møte i kontrollutvalet vert 2. mars 2023
- 2.Endeleg møteplan for kontrollutvalet i 2023 vert handsama i første møte.

RS 9/22 Protokoll representantskapsmøte IHM IKS

Saksprotokoll 01.12.2022 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Referatsaka vart teken til orientering.

Vedtak:

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 10/22 Årsmelding frå mobbeombodet i Vestland fylkeskommune 2022

Saksprotokoll 01.12.2022 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Referatsaka vart teken til orientering.

Vedtak:

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 11/22 Nytt fra FKT**Saksprotokoll 01.12.2022 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet****Behandling i møte**

Referatsaka vart teken til orientering.

Vedtak:

Referatsaka vart teken til orientering.

PS 33/22 Eventuelt**Forslag til vedtak**

Ikkje framlagt

Saksprotokoll 01.12.2022 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet**Behandling i møte**

Det vart meldt ei sak til eventuelt

1. Sal av Eidfjord fjord og Fjell hotell.

Etter sams drøfting i utvalet vart slikt forslag samrøystes vedteke.

Kontrollutvalet inviterer rådmannen til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om mellom anna følgjande spørsmål:

Har Eidfjord kommune overordna rutinar for avhending av kommunal eigedom. Ta gjerne døme i sal av Eidfjord fjell og fjord.

Vedtak:

Kontrollutvalet inviterer rådmannen til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om mellom anna følgjande spørsmål:

Har Eidfjord kommune overordna rutinar for avhending av kommunal eigedom. Ta gjerne d me i sal av Eidfjord fjell og fjord.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/155-29

Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Eidfjord kommune, Kontrollutvalet	1/23	02.03.2023

Orientering frå rådmann, avhending av kommunal eigedom

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Samandrag

Dette er oppfølging av spørsmål frå møte 01.12.2022, PS 33/22

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i møte 01.12.2022, PS 33/22

Kontrollutvalet inviterer rådmannen til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om mellom anna følgjande spørsmål: Har Eidfjord kommune overordna rutinar for avhending av kommunal eigedom. Ta gjerne døme i sal av Eidfjord fjell og fjord.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Partsbrief med invitasjon vart sendt rådmann 07.12.2022 og med påminning om saka 22.02.2023

Konklusjon

Sekretariatet rår til at informasjonen vert teken til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/165-22

Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Eidfjord kommune, Kontrollutvalet	2/23	02.03.2023

Orientering frå rådmann, kommunal økonomisk bærekraft

Forslag til vedtak

1. Informasjonen vert teken til orientering.
2. Kontrollutvalet inviterer rådmannen til første møte hausten 2023, for å koma med ny status når det gjeld kommunen sitt arbeid med kommunal økonomisk bærekraft.

Samandrag

Rådmannen er invitert til å orientere om kommunen sitt arbeid med kommunal økonomisk bærekraft (KØB) etter kommunelova sin § 14-1 og § 14-2.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Notat til kontrollutvalet KØB

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samband med Forum for Kontroll og tilsyn (FKT) sin fagkonferanse 01. – 02.06.2021 vart det m.a. fokusert på kommunaløkonomisk bærekraft (KØB). Det vert i den samanheng vist til kommunelova § 14-1 og § 14-2.

Kommunelova (KL) § 14-1 omhandlar grunnleggande krav til økonomiforvaltninga i kommunen. Her står det:

- *Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid.*
- *Kommuner og fylkeskommuner skal utarbeide samordnete og realistiske planer for egen virksomhet og økonomi og for lokalsamfunnets eller regionens utvikling.*
- *Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte finansielle midler og gjeld på en måte som ikke innebærer vesentlig finansiell risiko, blant annet slik at betalingsforpliktelser kan innfris ved forfall.*

Det er dette som vert kalla kommunaløkonomisk bærekraft (KØB).

For å ivareta økonomisk bærekraft over tid, har kommunen plikt til å fastsette finansielle måltal, jf. KL § 14-2:

Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta

- a) økonomiplanen og årsbudsjettet*
- b) årsregnskapene og årsberetningene*
- c) finansielle måltall for utviklingen av kommunens eller fylkeskommunens økonomi*
- d) regler for økonomiforvaltningen (økonomireglement)*
- e) regler for finans- og gjeldsforvaltningen (finansreglement).*

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i møte 01.12.2022, PS 31/22

1. Kontrollutvalet ber rådmannen kome i første møte i 2023 for å gjere greie for status for kommunal økonomisk berekraft i Eidfjord kommune.
2. Utgreiinga kan m.a. innehalde informasjon om status på:
 - Finansielle måltal
 - Aktuelle regelverk
 - Vedlikehaldsetterslepet i kroner på f.eks.:
 - a. Kommunale bygg?
 - b. Kommunale veg, inkludert tunnel og bruer?
 - c. Kommunale kaianlegg?
 - d. Anna kommunal infrastruktur som vatn og avløp
3. Er det utarbeidd planar for korleis eventuelt vedlikehaldsetterslep skal takast inn att?
4. Kontrollutvalet ber om at notat som grunnlag for utgreiinga vert sendt sekretariatet innan 20.02.2023

Sekretariatet har motteke notat frå rådmannen og dette ligg som vedlegg til saka.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at informasjonen vert teken til orientering. Vidare vert det tilrådd at rådmannen vert invitert til første møte hausten 2023 for å koma med ny status når det gjeld kommunen sitt arbeid med kommunaløkonomisk bærekraft.

Til Kontrollutvalet:

For at Eidfjord kommune skal ivareta verdiane ein har må det vera sett av tid og ressursar til vedlikehald. Verdiane i dette tilfelle vil vera bygningar, veganlegg og infrastruktur. Viss det ikkje vert sett av tilstrekkeleg med ressursar til vedlikehald vil det før til vedlikehaldsetterslep. Det vil og vera naudsynt med oppgraderingar og moderniseringar. Sjølv om det var godkjent og bra standard når det var bygd kan det over tid vera endra krav eller forventningar til korleis standarden skal vera i dag. Det å finna eksakte tall dette vil vera utfordrande viss det ikkje vert sett konkrete mål for kva standard ting skal ha. Det er ikkje slik at ein kan skifta ut alt ein har sjølv om det har kome nye produkt eller løysingar. Ut frå både økonomiske og miljømessige hensyn er det best om ein byggjer med gode kvalitetar som kan vedlikehaldast og brukast lenge før dei må skiftast ut. Nokre ting vil vera utslitne og velbrukt før ein vel å skifta det ut. Eidfjord kommune har nok alle kategoriar i dette frå nytt og moderne til eldre og velbrukt.

Kommunale vegar og kaianlegg:

Bruer:

Estimerte utbedringskostnad etter bru tilsyn 2022

Bru/stad:	Berekna kostnad:
Feeta bru	215000
Tveite bru	480000
Lund bru	495000
Eio gangbru	0 ingen utbedringsbehov for utbedring
Hjølmo bru	50000
Bærdølo bru	220000
Isdalen bru	230000
Bru 1,2 og 3 i Kvamsdal	195000
Simadalbru	85000
Totalkostnad for oppgradering	<u>1970000</u>

Veg:

Kostnad av drift og vedlikehald i 2022, i tillegg har det vore ein del utbedringar av kommunale vegar knytt til investeringsprosjekter på vatn og avlaup, GS vegar. Det kjem ikkje fram her.

Drift 2022	Kostnad:
Vintervedlikehald innleige:	1168342
Varekost kommunalveg (direkte innkjøp)	333475
Innleige av tenester kommunalveg	725000
Total kostnad drift:	<u>2226817</u>

- Det har samla i drift og investering vore asfaltert for 1 555 563 kr i 2022
- Det har samla i drift vore grusa kommunale vegar for om lag 250 000 kr i 2022
- Mykje av vegoppgraderinga kjem som følge av andre investeringsprosjekt

Oversikt over veg sendt inn via kostrapportering 2022:

2. Kommunale vegar og gater (Funksjon 332)		
Private vegar med kommunalt tilskott		
2.1	Før opp samla tilskott i heile 1 000 kroner som kommunen har ytt til private vegar som er køyrbare med personbil (jf. spm. 2.2.)	15
2.2	Før opp talet på km private vegar som er køyrbare med personbil og som kommunen har ytt tilskott til	3
Kontroll	Tilskott i kroner per km privat veg som er køyrbare for personbil <i>Kontrollen er basert på svar i spm. 2.1. og 2.2.</i>	5000 kr per km
Gatelys langs kommunale vegar og gater som er køyrbare for personbil		
2.3	Før opp brutto driftsutgifter til gatelys langs kommunale vegar og gater som er køyrbare med personbil i heile 1 000 kroner ekskl. mva.	622
2.4	Før opp talet på kilometer kommunale vegar og gater med gatelys som er køyrbare med personbil	18
Kontroll	Brutto driftsutgifter i kroner til gatelys langs kommunale vegar og gater i kommunen per kilometer <i>Kontrollen er basert på svaret på spm. 2.3. og 2.4.</i>	34556 kr per km
2.5	Før opp talet på lyspunkt langs kommunale vegar og gater som er køyrbare med personbil	600
Kontroll	Brutto driftsutgifter i kroner per lyspunkt langs kommunale vegar og gater i kommunen. <i>Kontrollen er basert på svaret på spm. 2.3 og 2.5.</i>	1037 kr per lysp.
Sykel- og kommunale vegar		
2.6	Før opp det totale talet på km tilrettelagt for syklende	4
2.7	Før opp talet på kilometer kommunale vegar og gater med fast dekke som er køyrbare med personbil	26
Kontroll	Talet på kilometer kommunal veg i kommunen i alt (med og utan fast dekke) i følge registerdata i Nasjonal vegdatabank (NVDB)	58 km
Kontroll	Delen kommunale vegar og gater med fast dekke. Prosent. <i>Kontrollen er basert på svaret i spm. 2.7. og registerdata over det totale kommunale vegnettet frå Nasjonal vegdatabank (NVDB)</i>	45 %
Nye og oppgraderte kommunale vegar <i>Det skal berre rapporterast på km det året det er ferdig tilrettelagt, overteke av kommunen og opna for trafikk. For køyrevegar skilst det på nye vegar, oppgraderte vegar og veg som har fått nytt dekke. For anlegg for syklende skal alle tiltak rapporterast under eitt</i>		
2.8	Før opp talet på km ny kommunal veg opna for trafikk	0,00
2.8.a	Før opp talet på km oppgradert eksisterande kommunal veg	0,50
2.8.b	Før opp talet på km kommunal veg dekkelagt	0,70
2.8.c	Før opp talet på km tilrettelagt for syklende	0,10
2.8.d	Før opp talet på haldeplassar langs kommunal veg som er universelt utforma	0
2.9		
Offentleg regulerte biloppstillingsplassar		
2.10.a	Før opp talet på offentleg regulerte biloppstillingsplassar i alt i kommunen, ekskl. innfartsparkeringsplassar	830
2.10.b	Av dette biloppstillingsplassar belagte med avgift	0
2.11	Før opp talet på offentleg regulerte biloppstillingsplassar for rørslehemma (HC)	15
2.12	Før opp talet på utskrivne parkeringsløyve for rørslehemma i alt	10

Kai anlegg:

Estimerte utbedringskostnad etter kai tilsyn 2022

Kai/stad:	Berekna kostnad:
Sima kai	150000
Trekai sentrum/ gjestebrygga	0
Cruise kai	35000
Total kostnad utbedring:	<u>185000</u>

Kommunale bygg:

Det er vanskeleg og fastslå akkurat kva vedlikehalds etterslep det er på bygningsmassen, eit bygg vert oppført, drifta og vedlikehelde eit vis antall år, så må det ein større rehabilitering til for og levetidsforlenge bygget. I nokon tilfeller er det nye krav frå myndigheitene som sett begrensning på eldre bygg, eller endra bruksbehov.

Komite for kommunal eigendomsforvaltning har gjort vurdering av bygningsmassen denne valperioden, vurdert kva bygg som skal seljast, endrast oppgraderast. Alle vedtak vert avgjort i kommunestyret etter forslag frå komite.

Utleigebustad og omsorgsbustad vert vurdert ved fråflytting, då gjer EK oppgradering før neste utleige, det er vanskeleg og leggja ein vedlikehaldsplan på utleige bygg utan tidshorisont på leigeperioden, utleigebustad er i utgangspunktet maks 5 år.

Noko vedlikehald er politisk vedteke, andre vedlikehald er administrativt prioritert etter budsjett og ressurs tilgang, det har vore noko overforbruk i driftsbudsjett på vedlikehald.

Oversikt over areala til EK:

Eidfjord kommune Kostra rapport

Opplysninger om rapportering		
Organisasjonsnr.	944227121	
Kommunens navn	Eidfjord kommune	

	Eies	Leies
130 Administrasjonslokaler	1 630 m ²	0 m ²
190 Interne serviceeininger	1 972 m ²	0 m ²
221 Barnehagelokaler og skyss	1 202 m ²	0 m ²
222 Skulelokaler	1 912 m ²	0 m ²
261 Institusjonslokaler	3 349 m ²	0 m ²
265 Kommunalt disponerte bustader	1 966 m ²	0 m ²
266 Omsorgsbustader	815 m ²	0 m ²
267 Bygg tilhøyrande bustader	97 m ²	0 m ²
285 Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde	661 m ²	0 m ²
325 Tilrettelegging og bistand for næringslivet	1 811 m ²	0 m ²
330 Samferdselsbedrifter/transporttiltak	194 m ²	0 m ²
332 Kommunale vegar	11 m ²	0 m ²
335 Rekreasjon i tettstad/off. toalett	135 m ²	0 m ²
336 Leikeplass, offentlege plassar	55 m ²	0 m ²
345 Distribusjon av vatn	913 m ²	0 m ²
353 Avløpsnett/innsamling av avløpsvatn	767 m ²	0 m ²
381 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg	2 381 m ²	0 m ²
386 Kommunale kulturbygg	3 564 m ²	128 m ²
Sum	23 435 m²	128 m²

Måbø gard



Eidfjord kommune (EK) har bygg i fleire kategorier:

- **Nye bygg:** Brannstasjon, Bygdaheim med omsorgsbustader.
- **Rehabilitererte bygg:** barnehage, omsorgsbustader, utleigebustader, samfunnshus.
- **Bygg som skal rivast:** oljebu teknisk, utdaterte VA bygg i Sysendalen , noko uavklarte bygg fks (Lægreidsvegen 14 og Ostangvegen 6) Renseanlegg ØE (skal knyttast til RA Eidfjord) Treverkstad ved NVE bygget.
- **Bygg som er under planlegging:** Sysendalen renseanlegg, ny ambulansestasjon, pumpelednig ØE.
- **Bygg som skal rehabiliterast/endrast:** Idrettshallen (tilbygg), kommunehus utvendig 2023, Ny ventilasjon Lægreid skule 2023.
- **Bygg som har vedlikehalds behov :** D&F lager Lægreid, Sæbø skule, Lægreid skule, Omsorgsbustad i Brotkanten 9, Avlaups renseanlegg i Eidfjord, Terapibasseng og garderobar samfunnshus, teknisk oppgradering kommunehus, bensinstasjon bygg.

Vatn og Avlaup:

EK har høgdebasseng på Bu, Brimnes, Eidfjord, øvre Eidfjord, Leite (midl. Ute av drift), Maurset.

EK har renseanlegg på Isdøla, Maurset, Øvre Eidfjord og silanlegg i Eidfjord.

Etter tilsyn frå mattilsynet er der ei rekke tiltak og vedlikeholds krav til høgdebasseng. Her er det lagd en vedlikehaldsplan.

Det trengs nytt høgdebasseng på Bu.

Byggingar ber preg av alder og treng generell overhaling. Der det finnes eternitt vil det være nødvendig med eternittsanering.

Det er generelt lite vannlekkasjar. Ingen større lekkasjar i 2021/22. Der det blir lekkasjer er som regel i bend og kummer og ikkje røyr. Det blir lagt opp til bytte av omtrent 1 kumme i året. Pris 300- til 400000,-. I sammanheng med lekkasjesøk i Øvre Eidfjord er det funne 2 armaturar i kummar som må bytast.

Innleige av eksterne vedlikehaldaktørar er ofte dyrt, då reisa er lang for desse.

Vann og avløpsledninger i Eidfjord er stort sett fra 1970-tallet, i Sysendalen er det en større grad av nyere anlegg.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/168-11

Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Eidfjord kommune, Kontrollutvalet	3/23	02.03.2023

Oppfølging forvaltningsrevisjon kommunen si rolle i næringsutvikling.

Forslag til vedtak

1. Informasjonen vart teken til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om at det vert orientert om saka på nytt i neste møte og at skriftleg tilbakemelding frå rådmann vert tilgjengeleg tre veker før møtet.

Samandrag

Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten «Kommunen si rolle i næringsutvikling.»

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret i Eidfjord kommune gjorde 05.09.2022 slikt vedtak i sak PS 22/073:

På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon «Kommunen si rolle i næringsutvikling» ber kommunestyret rådmannen syte for:

1. At rutinebeskrivingane innan byggesak omtalar partar sine rettar knytt til veiledningsplikt, munnleg konferanse og førehandskonferanse.
2. At rutinen for byggesakshandsaming vert revidert i forhold til å sikre at tiltakshavarar får refundert/ikkje vert fakturert sakshandamingsutgiftene når sakshandsaminga går utover lovfristen på 12 veker.
3. At internkontrollrutinane og sakshandsamingsprosedyrane i plan- og byggesak vert gjennomgått og vurdert.
4. Å vurdere oppdatering av reguleringsplanar som ein identifiserer fører til mykje søknader om dispensasjon, slik at planverket er godt nok til å ivareta kommunen sine mål med innbyggjarservice og næringsutvikling.
5. Å vurdere å gjennomføra ei fleirårig brukarundersøking knytt til sakshandsaming innanfor plan- og byggesak.
6. Kommunestyret ber og om at rådmannen lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Eidfjord kommune innan 01.10.2022 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet mottok ikkje handlingsplan i høve kommunestyret sitt vedtak pkt. 6 innan fristen. Rådmannen har bede om utsetting for å kople på ny rådmann.

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i RS 7/22

Kontrollutvalet ønskjer at handlingsplan vert presentert i kontrollutvalet sitt møte 01.12.2022

Sekretariatet har etter møtet vore i kontakt med rådmann og fekk slik epost:

«Det eit sterkt ynskje frå rådmann at ny rådmann vert med å utarbeide den handlingsplan som er ynskjelig å få presentert. I så fall må denne saka vente til neste møte i kontrollutvalet. Hvis dette ikkje er mulig, så trur eg effekten av forvaltningsrevisjonen vert ytterligere redusert.»

Sekretariatet har avtala med utvalsleiar at det vert mest hensiktsmessig å vente med oppfølging av rapporten til første møte i 2023. Melding om dette er sendt rådmann.

Sekretariatet har etterspurt handlingsplan/skriftleg tilbakemelding frå kommunen, men har pt. 22.02.2023 ikkje motteke dette. Om sekretariatet mottek slik dokumentasjon før møtedag vil denne verte ettersendt snarast. Om ikkje tilrår sekretariatet ei munnleg orientering i dette møtet og ei skriftleg orientering i neste.

Konklusjon

Det vert tilrådd at informasjonen vert teken til orientering og administrasjonen kjem med skriftleg tilbakemelding i høve oppfølging av kommunestyret sitt vedtak.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/305-7

Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Eidfjord kommune, Kontrollutvalet	4/23	02.03.2023

Forvaltningsrevisjon, psykososialt arbeidsmiljø og sjukefråver-milepælsorientering

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Samandrag

Dette er oppfølging av kontrollutvalet sitt vedtak i møte 20.10.22 i PS 20/22 pkt. 2 som seier:

Kontrollutvalet mottok milepælsorienteringar frå revisor i kvart møte. Ved utarbeiding av eventuelle delrapportar i prosjektet vert desse handsama undervegs.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i PS 20/22 i møte 20.10.2022:

1. Kontrollutvalet ber Vestlandsrevisjon IKS gjennomføra forvaltningsrevisjon Psykososialt arbeidsmiljø og sjukefråver i Eidfjord kommune med utgangspunkt i forslag til prosjektplan med slik ekstra problemstilling.

a) Kva er dei økonomiske konsekvensane for kommunen ved høgt sjukefråver?

2. Kontrollutvalet mottok milepælsorienteringar frå revisor i kvart møte. Ved utarbeiding av eventuelle delrapportar i prosjektet vert desse handsama undervegs.

3. Kontrollutvalet ønskjer at endeleg revisjonsrapport, ferdig verifisert og inkludert rådmannen sin uttale, kan handsamast i kontrollutvalet juni 2023.

Av prosjektplanen kan ein lese ut slikt føremål:

Sjå til at Eidfjord kommune har etablert planar, rutinar og iverksett tiltak for å ivareta eit godt psykososialt arbeidsmiljø samt har ei tilfredsstillande oppfylging ved sjukefråvær.

Problemstillingar:

- 1. I kva grad fylgjer kommunen opp sitt arbeidsgjevaransvar i forhold til å leggja til rette for eit godt psykososialt arbeidsmiljø?*

Her vil revisjonen undersøka:

- A. Kva tiltak har kommunen etablert for å sikra eit godt arbeidsmiljø på arbeidsplassen?
- B. Korleis sikrar kommunen at leiarar har kompetanse til å ivareta oppgåver relatert til arbeidsmiljøet?
- C. Korleis fungerer ordninga med verneombod og hovudverneombod i forhold til arbeidsmiljøet?
- D. Korleis fungerer kommunen sitt arbeidsmiljøutval?

- 2. I kva grad fylgjer kommunen opp sitt arbeidsgivaransvar ved sjukefråvær?*

Her vil revisjonen undersøka etterleving av IA-avtalen ved å sjå på:

- A. Korleis fylgjer kommunen opp kravet om plan for oppfølging av sjukemeldte?
- B. Korleis etterlever kommunen kravet om oppfølgingsplan for tilsette som har vore sjukemeldt i fire veker?
- C. Korleis etterlever kommunen kravet om dialogmøter med den sjukemeldte innan fristen på 7 og 26 veker?

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel kommunestyret som har avgjersmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

Dette er andre milepælsorientering frå revisor om forvaltningsrevisjon, psykososialt arbeidsmiljø og sjukefråver etter godkjent prosjektplan.

I dette møtet vil Vestlandsrevisjon IKS orientere om status og framdrift så langt i prosjektet.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, som t.d. krev justering ift. prosjektplan eller leveringstid, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/165-21
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Eidfjord kommune, Kontrollutvalet	5/23	02.03.2023

Vestlandsrevisjon IKS presenterer interimrevisjonsrapport 2022

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimrevisjon 2022 for Eidfjord kommune frå Vestlandsrevisjon IKS til orientering.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at Vestlandsrevisjon IKS skal presentere resultatet av den gjennomførte interimrevisjonen i Eidfjord kommune for rekneskapet 2022.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Interimsrapport_frå_revisjonen__Eidfjord_kommune_R2022

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Eidfjord kommune har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i kommunen, jf. kommunelova § 23-2, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal påse at

- a) *kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte»*

Vidare har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, jf. forskrift om kontrollutvalg § 3, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a) *kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte*
b) *regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor*
c) *regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.»*

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka ved at dei skal sjå til at rekneskapen vert revidert på ein betryggande måte og halde seg løypande orientert om revisjonsarbeidet, jf. kommunelova § 23-2 og forskrift om kontrollutval og revisjon § 3.

Vurderingar og verknader

I møte i kontrollutvalet 20.10.2022 orienterte Vestlandsrevisjon IKS om sin revisjonsplan, om rekneskapsrevisjonen så langt i 2022.

I dette møtet skal dei presentere oppsummeringa av arbeidet med interimrevisjon. Presentasjonen av denne oppsummeringa, vil på same måte som presentasjon av revisjonsplan og risikovurdering for etterlevingskontroll, vera eit ledd i å sjå til at Eidfjord kommune sine rekneskapar vert revidert på ein betryggande måte og at Eidfjord kommune har ei forsvarleg revisjonsordning.

På bakgrunn av det som kjem fram i presentasjonen bør kontrollutvalet, slik sekretariatet ser det, få høve til å kome med forslag til fokusområde i årsoppgjersrevisjonen som skal gjennomførast framover, dersom dei ønskjer det, sjølv om det er revisjonen som avgjer kva dei skal sjå på.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tar oppsummeringa etter interimrevisjonen for 2022 frå Vestlandsrevisjon IKS til orientering.

Til kontrollutvalget i Eidfjord kommune

Kopi:
Kommunedirektør
Økonomisjef

Isdalstø, 17. februar 2023

REVISJONSRAPPORT INTERIM 2022

Me har gjennomført interimsrevisjon i Eidfjord kommune. I samband med dette har me nokre kommentarar til utført arbeid.

Gjennom hausten og vinteren har me oppdatert våre tidlegare kartlagde rutinar og implementerte kontrollar hjå kommunen. For å bygge på kommunen sine interne kontrollhandlingar, innhentar me revisjonsbevis for at rutine og dei implementerte kontrollane fungerer tilfredsstillande. Dette gjer me ved blant anna bruk av utvaldsbasert testing.

På rekneskapsområde der me meiner kommunen sine rutinar kan vera svake, eller at det vil vera meir effektivt, vil me teste detaljar, noko som medfører eit større omfang av kontroll av rekneskapsdata. Hensikten er å gje oss tilfredsstillande sikkerheit for at det ikkje oppstår vesentlege feil i rekneskapen.

Nedanfor har me summert opp våre erfaringar frå interimsrevisjonen.

Test av kontrollar

Kommunen driv ein mangearta og kompleks verksemd med mange transaksjonar. Det er derfor svært viktig at det er etablert god økonomisk intern kontroll og at dei etablerte kontrollane fungerer som tiltenkt.

For å forsikre oss om at internkontrollen fungerer, har me i haust testa følgjande kontrollar:

- attestasjon og tilvisning knytt til innkjøp (både innan drift og investering).
- variabel løn, herunder reiserekningar.
- avstemmingar knytt til skattetrekk, arbeidsgjevaravgift og sjukepengerefusjonar, meirverdiavgift og meirverdiavgiftskompensasjon.
- når det gjeld inntektssida og brukarbetalingar har me kontrollert fakturagrunnlag mot faktura på Pleie og omsorg og kommunale gebyr.

I hovudtrekk har våre kontrollar ikkje avdekket vesentlege feil. Me meiner derfor at kommunen sin interne kontroll, med nokre unntak, fungerer tilfredsstillande.

Test av detaljar løn og sjukerefusjon.

Me har ettergått kommunen sine rutinar vedrørende attestering og tilvisning av variabel løn og reiserekningar. Utvalet dekket øvste leining og andre tilfeldige tilsette i kommunen.

Resultatet av kontrollen syner at kommunen i all hovudsak har gode rutinar for attesting og tilvising av variabel løn og reiserekningar.

I kommunen er det gode rutinar for sjukerefusjon og oppfølging av krav. I tillegg til Agresso løn har økonomikontoret eige rekneark for kontroll av leverte sjukemeldingar, søknadar og maksdato for refusjon. For forenkling av kontroll, rår vi å bruke/byggja opp Agresso for rapportering og avdekke avvik.

Test av fakturering

Det er tilfredsstillande rutinar knytt til eksport og import av filer frå andre system til Agresso.

Kontrollen er gjennomført for PLO og SFO der kontroll av filoverføring dekkjer heile året, og det er gjennomført stikkprøver knytt til bokføring. PLO fakturerer etterskotsvis medan SFO fakturerer på forskot.

Det er også gjennomført test av fakturering av nærstående til leinga. Det er ikkje funne indikasjonar på feil eller manglar knytt til denne testen.

Me har ikkje avdekkja vesentlege feil eller manglar i vår gjennomgang av rutinar for fakturering av SFO og PLO.

Test av utgifter

For å sikre at utgifter vedkjem kommunen er det innført arbeidsdeling med to-steps signatur for godkjenning og tilvising av rekningar til betaling. Våre kontrollar syner at dette fungerer tilfredsstillande. I utvalde testar har me funne to tilfelle kor attestant også er tilvisar. Vi får opplyst at det er opning for at attestant også kan tilvisa same rekning. Men ingen kan tilvisa utan tilvisarmynd i Agresso, det er sperre for det i systemet.

I eit tilfelle var ikkje bilaget tilvist. Tilhøvet er kommunisert til administrasjonen.

Revisjonen rår til at ein sikrar arbeidsdeling mellom attestant og tilvisar i størst mogleg grad.

Meirverdiavgift

Me har gjennomgått rutinar og analysert meirverdiavgift og meirverdiavgiftskompensasjon i høve til aktuelle tenesteområde og prosjekt i rekneskapen. Me har ikkje avdekkja vesentlege feil med behov for korreksjonar i samband med gjennomgangen.

Bankavstemmingar er utført kva månad.

Skattetrekk og arbeidsgivaravgift vert avstemt pr. termin.

Hovudkonklusjon etter interimrevisjon 2022

Ingen vesentlege feil er avdekkja i løpet av revisjon, men kommunen kan verta betre på å ha fokus interne kontrollhandlingar og dokumentasjon av utført intern kontroll.

Årsavslutning

Me minner om at frist for å legge fram årsrekneskap er 22. februar og årsmelding den 31. mars. Kjem årsrekneskap og årsmelding til revisjonen innan fristen, vil me kunne legge fram vår revisjonsmelding innan 15. april 2023. Avlagt rekneskap inneber at balanseavstemmingar og underdokumentasjon er på plass.

Med venleg helsing,

Vestlandsrevisjon IKS

Janne Eraker

Statsautorisert revisor

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Janne Eraker

Statsautorisert revisor

Serienummer: 9578-5995-4-105767

IP: 77.16.xxx.xxx

2023-02-17 19:33:03 UTC



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>



Saksframlegg

Saksnr: 2022/161-4

Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Eidfjord kommune, Kontrollutvalet	6/23	02.03.2023

Årsmelding for kontrollutvalet 2022

Forslag til innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding frå kontrollutvalet for 2022.

Samandrag

Sekretariatet har laga forslag til utvalet si årsmelding for 2022.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Årsmelding for KUV - Eidfjord 2022

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sekretariatet har utarbeida forslag til årsmelding for kontrollutvalet 2022. Årsmeldinga er ein lekk i rapporteringa frå utvalet til kommunestyret. Sjå kommunelova § 23-5 som seier:

«Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget. I saker som skal oversendes til kommunestyret eller fylkestinget, skal kommunedirektøren gis anledning til å uttale seg før kontrollutvalget behandler saken.»

Vedtakskompetanse

Kommunestyret, jf. Kommunalova § 23-5

Vurderingar og verknader

Ettersom årsmeldinga også fungerer som ei rapportering til kommunestyret, vert det lagt opp til endeleg handsaming av årsmeldinga der.

Revisjonen er ikkje blitt utfordra på å laga eiga årsmelding om oppdraget i Eidfjord kommune. Resultatet av revisjonsarbeidet går fram av revisjonsmeldinga som følgjer rekneskapen, brev og gjennom andre revisjonsrapportar som vert lagt fram for kontrollutvalet.

Konklusjon

Sekretariatet sitt forslag til innstilling er at årsmeldinga vert godkjent.



ÅRSMELDING 2022 FOR KONTROLLUTVALET I EIDFJORD KOMMUNE



1. Føremål og oppgaver for kontrollutvalet.

Føremålet med kontrollutvalet sitt arbeid er å medverke til at det vert allmenn tillit til at kommunen sine oppgaver vert løyst på best mogleg måte, og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. I «Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar» finn ein i kap. 3 «Alminnelige regler om kontrollutvalgets ansvar og oppgaver». I § 4 står det mellom anna:

«Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret, herunder påse at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning.»

I kommunelova § 23-2 står det m.a.:

Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak*
- c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i*
- d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)*
- e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp. at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning.*

2. Samansetnad av utvalet i valperioden 2019 – 2023

Medlem	Varamedlem
Leiar, Jostein Hovland	1. Liv Myklatun
Nestleiar, Kjell Ove Tveit	2. Arnulf Indrebø
Medlem, Haldis Myrvang Riber	3. Rine Eknes
Medlem, Kari Lægreid	4. Arne G Bu
Medlem, Anita Fredheim Limstrand	

I følge lova skal minst ein av medlemmane i kontrollutvalet og vera medlem av kommunestyret. Kari Lægreid har fast sete i kommunestyret.

3. Om verksemda til kontrollutvalet i 2022

- Kontrollutvalet hadde 5 møter og handsama 44 saker.
- Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet.
- Revisjonen har møtt på møta i kontrollutvalet.

4. Sekretariatsordninga

I kommunelova § 23-7 står det at kommunestyret skal sørgja for sekretærbistand til kontrollutvalet som tilfredsstiller utvalet sitt behov. Sekretærfunksjonen kan ikkje leggst til kommunen sin administrasjon.

Utdrag frå kommunelova § 23-7:

Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalget får sekretariatsbistand som tilfredsstiller utvalgets behov. Sekretariatet skal påse at de saker som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet, og at utvalgets vedtak blir iverksatt. Sekretariatet skal være uavhengig av kommunens administrasjon og av den eller de som utfører revisjon for kommunen.

Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune utfører sekretariatstenesta for kontrollutvalet i Eidfjord kommune. Kjartan Haugsnes har vore sekretær på alle møta i 2022.

Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune er også sekretariat for kontrollutvalet i fylkeskommunen, samt kontrollutvala i desse kommunane (utanom Eidfjord): Stord, Bømlo, Fitjar, Tysnes, Austevoll, Ulvik, Kvinnherad, Kvam, Ullensvang, Bjørnafjorden, Øygarden, Samnanger, Vaksdal og Askøy.

I tillegg til dette har sekretariatet også vore settesekretariat for Møre og Romsdal fylkeskommune sitt kontrollutval i deler av 2022.

5. Revisjonstenesta

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret ha tilsyn med den kommunale forvaltninga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er à jour og føregår i samsvar med forskrift og vedtak.

Vestlandsrevisjon IKS er revisor for Eidfjord kommune. Vestlandsrevisjon IKS har lagt fram revisjonsmelding, slik kravet er, samt rapportar og annan informasjon om revisjonen sitt arbeid.

På grunnlag av revisjonen sine rapportar, rekneskapsplan og annan informasjon, har utvalet ført tilsyn med at forvaltninga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak. Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen gjennomføra ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlar, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat (forvaltningsrevisjon).

Til dagleg er det den valde revisor som utfører kontrollen mot kommunen, men kontrollutvalet har eit eige ansvar med å sjå til at arbeidet vert tilfredstillande utført. Kommunelova stiller krav om at utvalet sjølv må visa ei aktiv haldning. For å få utført det arbeid utvalet er pålagt, er ein avhengig av god kommunikasjon med kommunestyret, administrasjonen og revisor. Samarbeidet har vore godt med dei aktuelle aktørar. Ansvarleg revisor har vore Elin Bye og Janne Eraker. Arne Gilbakken og Ragnhild Kartveit Høyland har hatt ansvaret for forvaltningsrevisjon. Alle har i tråd med regleverket lagt fram eigenvurdering for at Vestlandsrevisjon IKS er uavhengig i høve til Eidfjord kommune.

Elin Bye frå IHR, no Vestlandsrevisjon IKS, har vore oppdragsansvarleg revisor for Eidfjord kommune ei årrekke til ho no slutta i revisjonen seint i 2022. Kontrollutvalet vil takke for godt samarbeid denne perioden.

6. Forvaltningsrevisjon.

Ei av dei viktigaste oppgåvene til kontrollutvalet er å gjennomføre forvaltningsrevisjon av kommunen si verksemd samt med selskap der kommunen har eigarinteresser, og er ei av utvalet sine lovpålagde oppgåver. Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytte for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar.

I kommunelova § 23-2 står det:

Kontrollutvalget skal påse at det gjennomføres forvaltningsrevisjon med kommunens virksomhet samt med selskaper som kommunen har eierinteresser i.

Det står vidare i kommunelova § 23-3:

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

7. Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024

Kommunen skal, etter lova, utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon slik at gjennomføring av forvaltningsrevisjon vert utført på ein planmessig måte og for å sikre at kommunestyret vel ut dei mest relevante prosjekta. Planen skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering.

I kommunelova § 23-2 står det:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen."

Plan for forvaltningsrevisjon blei vedteken i kommunestyremøte 16.11.2020

Plan for forvaltningsrevisjon vart rullert i kontrollutvalet sitt møte 19.05.2022 PS 8/22 og det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet har evaluert plan for forvaltningsrevisjon for Eidfjord kommune 2020 - 2024
2. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan psykososialt arbeidsmiljø og sjukefråvær

8. Gjennomførte forvaltningsrevisjonar

8.1 Forvaltningsrevisjon ny sjukeheim.

Kontrollutvalet vedtok i PS 6/17 i møte 16.02.2017 å gjennomføra forvaltningsrevisjon Ny sjukeheim. I kontrollutvalet sitt møte 20.04.2017 vart prosjektplan godkjent, PS 13/17 og det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ber IHR gjennomføra forvaltningsrevisjon Bygging av ny sjukeheim i Eidfjord med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.
2. Kontrollutvalet ber revisor om å gjennomføra samtalar og intervju jfr. prosjektplan kapittel 6 om metode.
3. Kontrollutvalet mottek milepælsorienteringar frå revisor i kvart møte. Ved utarbeiding av delrapportar i prosjektet vert desse handsama undervegs.
4. Kontrollutvalet ønskjer at endeleg revisjonsrapport, ferdig verifisert og inkludert rådmannen sin uttale, kan handsamast i kontrollutvalet sitt siste møte i 2019.

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

Føremålet er å sikre at ny sjukeheim vert fullført i høve budsjettramme sett til prosjektet.

Det er og viktig at prosjektet vert gjennomført i høve tydelege ansvars og styringslinjer i kommunen og mellom kommune og entreprenør. Til slutt vil forvaltningsrevisjonen sjå til at lovar og reglar i høve lønns og arbeidsvilkår vert følgt.

Problemstillingar:

1. Har kommunen system for overordna styring og kontroll med vedteke investeringsprosjekt ?

Her vil me sjå på:

- *Er organiseringa med ansvar, rollar for gjennomføring av ny sjukeheim inkludert fullmakter, kompetanse og ressursbehov klart definert ?*
- *Er det etablert tilstrekkelege rutinar for rapportering og vert desse etterlevd ?*
- *Har kommunen tilfredsstillande system for planlegging, styring og kontroll over vedtekne investeringar til ny sjukeheim ?*
- *Har kommunen rutinar som sikrer at informasjonen i systemet er fullstendig og korrekt ?*
- *Har kommunen rutinar og system for endrings- og avvikshandtering og korleis vert dette følgt opp ?*
- *Har kommunen tilfredsstillande rutinar for kvalitetssikring av leveransar og utbetaling til leverandør ?*
- *Har kommunen satt krav til dokumentasjon og utarbeiding av rutinar for vedlikehald og drift av bygningsmassen frå leverandør/entreprenør? Har kommunen retningslinjer for administrativ og/eller politisk godkjenning av*
- *endeleg prosjektrekskap?*

2. Har kommunen system og rutinar som sikrar at byggeprosjektet vert utført i samsvar med regelverk og interne rutinar/retningslinjer ?

Her vil me sjå på:

- *Har kommunen sikra at lovverket vert etterlevd m.a. i forhold til HMT, sosial dumping og bruk av lærlingar?*
- *Er det utarbeida retningslinjer/krav til kvalitetssikring i samband med kontraktsinngåing?*
- *Er det etablert rutinar for risikovurdering av byggeprosjektet i forhold til prosjektering, planlegging, gjennomføring og kvalitetskontroll, og vert desse følgt opp?*

Kontrollutvalet handsama rapporten i møte 06.05.2021, PS 29/21 og vedtok slik innstilling:

1. Kommunestyret tek rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av ny sjukeheim i Eidfjord kommune til etterretning
2. Kommunestyret ber rådmannen syta for at:
 - a) det vert utarbeida eit økonomireglement som omhandlar kommunen sine retningslinjer knytt til økonomi. Det kan eksempelvis inkludera investeringsprosjekt, rapportering og innkjøpsrutinar.
 - b) Eidfjord kommune har ein oppdatert arkivplan i tråd med gjeldande regelverk.

- c) postmottak i større grad er ein adressat ved inngåande post og ved bruk av e-post i saksbehandling for å sikra at dokument vert journalført og lagra i fellesarkivet.
 - d) etterleving av rutinar for journalføring og arkivering hjå tilsette i kommunen vert styrka og styrka internkontrollen i forhold til leiarane sitt arkivansvar.
 - e) eventuelle avvik knytt til arkivrutinane i fagsystem og webhotell vert retta opp.
3. Kommunestyret ber rådmannen rapportere status på oppfølginga med eventuelt vidare framdrift innan 01.11.2021 til kontrollutvalet.

Kommunestyret vedtok samrøystes innstillinga til kontrollutvalet i møte 14.06.2021, PS 21/032
Rapporten vert å følgje opp vidare i 2023.

8.2 Forvaltningsrevisjon kommunen si rolle i næringsutvikling.

Kommunestyret i Eidfjord kommune gjorde 05.09.2022 slikt vedtak i sak PS 22/073:

På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon «Kommunen si rolle i næringsutvikling» ber kommunestyret rådmannen syte for:

1. At rutinebeskrivingane innan byggesak omtalar partar sine rettar knytt til veiledningsplikt, munnleg konferanse og førehandskonferanse.
2. At rutinen for byggesakshandsaming vert revidert i forhold til å sikre at tiltakshavarar får refundert/ikkje vert fakturert sakshandamingsutgiftene når sakshandsaminga går utover lovfristen på 12 veker.
3. At internkontrollrutinane og sakshandsamingsprosedyrane i plan- og byggesak vert gjennomgått og vurdert.
4. Å vurdere oppdatering av reguleringsplanar som ein identifiserer fører til mykje søknader om dispensasjon, slik at planverket er godt nok til å ivareta kommunen sine mål med innbyggjarservice og næringsutvikling.
5. Å vurdere å gjennomføra ei fleirårig brukarundersøking knytt til sakshandsaming innanfor plan- og byggesak.
6. Kommunestyret ber og om at rådmannen lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Eidfjord kommune innan 01.10.2022 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Grunna skifte av rådmann i Eidfjord kommune vert denne rapporten først følgt opp i første møte 2023.

8.3 Forvaltningsrevisjonsrapport under arbeid.

Forvaltningsrevisjon psykososialt arbeidsmiljø og sjukefråver.

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i møte 20.10.2022, PS 20/22

1. Kontrollutvalet ber Vestlandsrevisjon IKS gjennomføra forvaltningsrevisjon Psykososialt arbeidsmiljø og sjukefråver i Eidfjord kommune med utgangspunkt i forslag til prosjektplan med slik ekstra problemstilling.
- a) Kva er dei økonomiske konsekvensane for kommunen ved høgt sjukefråver?
2. Kontrollutvalet mottok milepælsorienteringar frå revisor i kvart møte. Ved utarbeiding av eventuelle delrapportar i prosjektet vert desse handsama undervegs.
3. Kontrollutvalet ønskjer at endeleg revisjonsrapport, ferdig verifisert og inkludert rådmannen sin uttale, kan handsamast i kontrollutvalet juni 2023.

Forvaltningsrevisjonen har slikt føremål:

Sjå til at Eidfjord kommune har etablert planar, rutinar og iverksett tiltak for å ivareta eit godt psykososialt arbeidsmiljø samt har ei tilfredsstillande oppfylging ved sjukefråvær.

Prosjektet har slike problemstillingar:

1. I kva grad fylgjer kommunen opp sitt arbeidsgjevaransvar i forhold til å leggja til rette for eit godt psykososialt arbeidsmiljø?

Her vil revisjonen undersøkje:

- A. Kva tiltak har kommunen etablert for å sikra eit godt arbeidsmiljø på arbeidsplassen?
- B. Korleis sikrar kommunen at leiarar har kompetanse til å ivareta oppgåver relatert til arbeidsmiljøet?
- C. Korleis fungerer ordninga med verneombod og hovudverneombod i forhold til arbeidsmiljøet?
- D. Korleis fungerer kommunen sitt arbeidsmiljøutval?

2. I kva grad fylgjer kommunen opp sitt arbeidsgivaransvar ved sjukefråvær?

Her vil revisjonen undersøkje etterleving av IA-avtalen ved å sjå på:

- A. Korleis fylgjer kommunen opp kravet om plan for oppfølging av sjukemeldte?
- B. Korleis etterlever kommunen kravet om oppfølgingsplan for tilsette som har vore sjukemeldt i fire veker?
- C. Korleis etterlever kommunen kravet om dialogmøter med den sjukemeldte innan fristen på 7 og 26 veker?

Rapporten skal etter planen vere klar til handsaming i juni 2023

9 Eigarskapskontroll

I den nye kommunelova er selskapskontroll erstatta med forvaltningsrevisjon i selskap, og eigarskapskontroll. Dette står om eigarskapskontroll i lova § 23-2 d:

Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eierinteresser i selskaper mv.

Det står i tillegg litt meir utfyllande om eigarskapskontrollen i kommunelova § 23-4:

Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

9.1 Plan for eigarskapskontroll

Kommunen skal, etter lova, utarbeide ein plan for eigarskapskontroll slik at kontrollen med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap vert utført på ein planmessig måte og for å sikre at kommunestyret vel ut dei mest relevante prosjekta. Planen skal vere basert på ein risiko- og vesentlegvurdering.

Følgjande står om plan for eigarskapskontroll i kommunelova § 23-4:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen

Planen for eigarskapskontroll vart vedteken i kommunestyremøte 14.12.2020.

Det er ikkje gjennomført eigarskapskontroll i Eidfjord kommune i 2022. Plan for eigarskapskontroll vart evaluert 20.10.2022 PS 22/22 og det vart gjort slikt vedtak:

Kontrollutvalet vedtek at gjeldande plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 vert vidareført slik den ligg føre.

10 Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)

FKT er ein landsomfattande organisasjon som har som oppgåve å vera møte- og kompetanseplass for kontrollutvala og deira sekretariat. Kontrollutvalet i Eidfjord kommune er medlem i FKT. Nyheitsbrev frå FKT med aktuelle tema for kontrollutvalet sitt arbeid er og lagt fram som melding til kontrollutvalet.

11 Opplæring

Kontrollutvalet var representert med 3 deltakarar på VLFK si folkevaldopplæring på Solstrand i februar 2022.

12 Arbeid med rekneskapsrevisjon - den økonomiske situasjonen i Eidfjord kommune.

Kontrollutvalet sin uttale om Eidfjord kommune sin årsrekneskap for 2021, hadde ma. med desse opplysningane:

- Eit netto driftsresultat på 13,38 % (Sett opp mot sum driftsinntekter).
- Samla gjeldsbelastning er berekna til 4,14% av driftsinntektene
- Disposisjonsfond er berekna til 25,96 % av driftsinntektene

13 Andre saker / orienteringssaker i kontrollutvalet i 2022

- Budsjett for kontrollarbeidet i Eidfjord kommune for 2023
- Driftsrapportar og økonomiplan
- Årsmelding 2021 for kontrollutvalet
- Rutinar for henvendingar til kontrollutvalet
- Henvendingar frå innbyggjarar

- Orienteringar frå Vestlandsrevisjon IKS
- Revisjonsstrategi og interimsrevisjon for Eidfjord kommune
- Orienteringar frå administrasjon
- Tinging forvaltningsrevisjon etter plan – rullering av planar

Eidfjord 02.03.2023

Jostein Hovland, leiar //sign.

Eidfjord kommune

Kontrollutvalet
c/o Sekretariat for kontrollutvalet
Vestland fylkeskommune
Postboks 7900, 5020 Bergen

telefon: 05557

e-post: hogne.haktorson@vlfk.no

e-post: roald.breistein@vlfk.no

e-post: kjartan.haugsnæs@vlfk.no

e-post: helge.inge.johansen@vlfk.no

e-post: einar.kare.ulla@vlfk.no

e-post: kontrollutvalet@vlfk.no



Saksframlegg

Saksnr: 2022/156-4

Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Eidfjord kommune, Kontrollutvalet	7/23	02.03.2023

Møteplan for kontrollutvalet 2023

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i 2023.

Mars	Mai	Oktober	november
2.	25.	5.	30.

Samandrag

Møteplan for kontrollutvalet vert forsøkt lagt opp slik at den og dels samsvarar med møteplan for kommunestyret og formannskapet i Eidfjord kommune

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det er føremålsteneleg å ha møteplan for kontrollutvalet for heile 2023. Spesielt gjeld dette i høve handsaming av årsmelding og rekneskap for kommunen. Eidfjord kommune skal handsame dette i formannskapet 07.06.2023 og kommunestyret 19.06.2023.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet jf. Kommunelova § 23 - 2

Konklusjon

Det er føremålstenleg at kontrollutvalet har ein møteplan for heile 2023

Fra: Forum for kontroll og tilsyn[fkt@fkt.no]
Sendt: 20.02.2023 09:05:36
Til: Kjartan Haugsnes[Kjartan.Haugsnæs@vlfk.no]
Tittel: Nytt fra fra FKT februar 2023



Forum for
kontroll og tilsyn

FAGKONFERANSEN 31. mai – 1.JUNI 2023

Scandic Lerkendal, Trondheim

Det er krig i Europa, dyrtid og klimakrisen er foruroligende nær. Hva bør kontrollutvalget være oppmerksom på i denne sammenhengen?

- Hvilke trusler står kommunene overfor?
- Er beredskapen i kommunen god nok?
- Er kommunen beskyttet mot korrupsjon og økonomisk kriminalitet?
- Det er kommunestyre- og fylkestingsvalg til høsten. Derfor er det aktuelt å spørre om vi er sikre på om vi kan gjennomføre valg på en trygg måte uten påvirkning?
- Hva med personvernet? Er kommunen beskyttet mot hacking og cyberangrep?

Samtidig er det krav til kommunene om godt ytringsklima og åpenhet.

- Hvordan står det egentlig til med åpenheten i norske kommuner?
- Ytringsfrihetskommisjonen mener at kommuner som sliter med åpenheten må lage en tiltaksplan som skal sikre at offentlighetsloven og arkivloven etterleves.

Påmelding



SEKRETARIATSKONFERANSEN 21.- 22. MARS 2023

Scandic Lillestrøm

Nye tolkningsuttalelser og annet nytt fra kommunal- og distriktsdepartementet.

To veiledere er til høring på tidspunktet for sekretariatskonferansen:

Anbefalinger for protokollering og Anbefalinger for bestilling og oppfølging av forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll

Hvem gjør hva i Rov-analysen? Når er det mest hensiktsmessig å gjennomføre analysen? Hvordan skal nytt kontrollutvalg få godt eierskap til den?

Det er nyttig for kontrollutvalget å evaluere eget arbeid jevnlig for å få til læring og forbedring ved å sette søkelys på hvordan utvalget fyller sin kontroll- og tilsynsfunksjon. Vi tar sikte på å få fram et nyttig grunnlag som kan bearbeides, deles og brukes.


Det nærmer seg kommunevalg og opplæring av nye kontrollutvalg og folkevalgte må forbedres. Hvordan kan sekretariatet spille kontrollutvalgene gode? Hva er viktig å få med i vår tilmålte tid i opplæringen for kommunestyre og for kontrollutvalget?

Vi legger opp til god tid til diskusjon og refleksjon i grupper og i plenum.

HØRING

Anbefalinger for protokollering
Anbefalinger for bestilling og oppfølging av
forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll

[LES MER HER](#)



Transparency International Norge (TI Norge) har oppdatert sin domssamling med hele åtte nye rettskraftige saker.



[Datatilsynets svar på spørsmål om valgt revisor og håndtering av personopplysninger](#)



[For å berede grunnen for det lokale arbeidet med tillitsreformen, ønsker departementet klargjøre enkelte sentrale spørsmål.](#)

Andre nyheter:

[Tolkningsuttalelse fra departementet om digital deltakelse for revisor i møter](#)

[Sivilombudet om innsyn i møteportal for folkevalgte i kommune \(«politikerportalen»\)](#)

[Les flere nyheter her](#)



Copyright © 2023 Forum for kontroll og tilsyn, All rights reserved.

Du mottar e-post fra Forum for kontroll og tilsyn fordi du har meldt deg på vårt nyhetsbrev.

Vår epostadresse:

Forum for kontroll og tilsyn
Kristian Augusts Gate 14
Oslo, Oslo 0164
Norway

[Add us to your address book](#)

Vil du endre hvordan du mottar nyhetsbrev fra oss?

Du kan [oppdatere dine innstillinger](#) eller [melde deg av vårt nyhetsbrev](#)



mailchimp



Saksframlegg

Saksnr: 2022/155-27

Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Eidfjord kommune, Kontrollutvalet	8/23	02.03.2023

Eventuelt

Forslag til vedtak

Ikkje framlagt

Samandrag

Det vert lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet sin moglegheit til å sjølv ta opp saker eller gjere vedtak i saker som ikkje er på saklista.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet har vedteke å ha eventuelt som fast sak i kvart møte. Dette føl av kommunelova § 11-3 siste avsnitt som seier:

«Et folkevalgt organ kan fatte vedtak i en sak som ikke er oppført på sakslisten, hvis ikke møtelederen eller 1/3 av de møtende medlemmene motsetter seg det. På tilsvarende måte kan organet fatte vedtak i en sak der saksdokumentene ikke er sendt ut sammen med innkallingen, hvis ikke møtelederen eller 1/3 av de møtende medlemmene motsetter seg det.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalget har vedtakskompetanse i denne saka, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2

Vurderingar og verknader

Dersom det vert teke opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

Konklusjon

Føremålet er å gje opning for å få nærare undersøkingar av saker som kontrollutvalet ønskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt til eit seinare møte i utvalet. Dessuten eventuelt å få orientering frå rådmannen eller andre i eit seinare møte.